

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Alf Magnar Strand	FA - B14	14/1141

Saknr	Utval	Type	Dato
123/2014	Formannskapet	PS	18.11.2014
	Kommunestyret	PS	

Rammetimetalet 2015-16

Vedlegg:

Oversyn over elev-, klasse- og timetal ved skulane 2015-16

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen vil fremja rammetimetalet for skuleåret 2015-16 for alle tre skulane slik det no ligg føre og innanfor vedteke budsjett 2015.

1 Det endelege rammetimetalet for skuleåret 2015-16 vert fastsett innanfor dei vedtekne rammene for budsjettet 2015 til 768 t/v.

2 Timane skal dekkja:

- a) Timar etter fag- og timebyteplan
- b) Delingstimar
- c) Kontaktlærartenesta
- d) Sosialpedagogiske tenester/rådgjeving
- e) Timar til spesialpedagogiske tilleggsressursar etter søknad i skulen og førskulealder (§5-1 i Opplæringslova)
- f) Spesialpedagogiske timar til vaksne

3 I tillegg kjem timetalet til morsmålsundervisning og norskopplæring for framandspråklege.

4 Timane etter fag- og timebyteplan og sosialpedagogiske tenester/rådgjeving vert fordelte av rådmannen til skulane i samsvar med vedlagde utgreiing.

5 Rådmannen får fullmakt til å gjera nødvendige overføringar av lønsmidlar mellom skulane som ein konsekvens av vedteke rammetimetal.

6 Rådmannen får fullmakt til å følgja opp rammetimetalet og gjera mindre endringar innanfor vedtekne budsjetttrammer for oppvekstsektoren dersom det oppstår nye/uføresette brukarbehov.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Rammetimetalet har vore gjennomarbeidd av rektorane i budsjettprosessen. Rektorane har sett opp framlegg til rammetimetal for eigen skule i samsvar med tildelt budsjetttramme. Rådmannen har deretter handsama rammetimetalet med vekt på å få til ei likeverdig tildeling mellom skulane. Oversyn over rektorane sine framlegg og rådmannen sin gjennomgang ligg ved. Lønsbudsjettet for kvar skule vil deretter bli sett opp med bakgrunn i vedteke rammetimetal.

Fakta/Vurdering

Utviklinga i rammetimetalet dei siste åra

Skuleår	Rammetimetal	Elevtal
2005-06	777,5	241
2006-07	796,5	234
2007-08	796,5	225
2008-09	790	223
2009-10	768	225
2010-11	770	221
2011-12	760	208
2012-13	773	202
2013-14	773	202
2014-15	765	199
2015-16	768	197

Rådmannen legg i sitt framlegg opp til at rammetimetalet for skuleåret 2015-16 vert auka med 3 timar i høve til det skuleåret me no er inne i. Timetalet til spesialundervisning går litt opp, og det er auke i klassetalet på Nordbygda skule pga. auka elevtal i småskulen. Som det går fram av tabellen ovanfor, er elevtalet i kommunen ganske stabilt. Rådmannen prøver også komande år å leggja opp til å bruka forholdsvis mange timar i småskulen. Dette er i samsvar med den vekt sentrale styresmakter legg på tidleg tiltak og auka lærartettleik i småskulen, og rådmannen finn det rett å prioritera desse årsstega. Rektorane kan elles fordela delingstimane på dei klassestega dei meiner timane vil koma best til nytte.

Høyring

Rektorane har hatt rådmannen sitt framlegg ute på høyring.

Konklusjon

Rådmannen vil fremja rammetimetalet for skuleåret 2015-16 for alle tre skulane slik det no ligg føre og innanfor vedteke budsjett 2015.

1 Det endelege rammetimetalet for skuleåret 2015-16 vert fastsett innanfor dei vedtekne rammene for budsjettet 2015 til 768 t/v.

2 Timane skal dekkja:

- a) Timar etter fag- og timebyteplan
- b) Delingstimar
- c) Kontaktlærartenesta
- d) Sosialpedagogiske tenester/rådgeving
- e) Timar til spesialpedagogiske tilleggsressursar etter søknad i skulen og førskulealder (§5-1 i Opplæringslova)

f) Spesialpedagogiske timar til vaksne

3 I tillegg kjem timetalet til morsmålsundervisning og norskopplæring for framandspråklege.

4 Timane etter fag- og timebyteplan og sosialpedagogiske tenester/rådgjeving vert fordelte av rådmannen til skulane i samsvar med vedlagde utgreiing.

5 Rådmannen får fullmakt til å gjera nødvendige overføringar av lønsmidlar mellom skulane som ein konsekvens av vedteke rammetimetale.

6 Rådmannen får fullmakt til å følgja opp rammetimetalet og gjera mindre endringar innanfor vedtekne budsjettammer for oppvekstsektoren dersom det oppstår nye/uføresette brukarbehov.

Formannskapet - 123/2014

FS - behandling:

Ordførar Karstein Totland gjekk gjennom saka.

Saka vart drøfta.

Røysting:

Framlegg til vedtak frå rådmannen med ei endring, fjerning av første linja, vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

1 Det endelege rammetimetalet for skuleåret 2015-16 vert fastsett innanfor dei vedtekne rammene for budsjettet 2015 til 768 t/v.

2 Timane skal dekkja:

a) Timar etter fag- og timebyteplan

b) Delingstimar

c) Kontaktlærartenesta

d) Sosialpedagogiske tenester/rådgjeving

e) Timar til spesialpedagogiske tilleggsressursar etter søknad i skulen og førskulealder (§5-1 i Opplæringslova)

f) Spesialpedagogiske timar til vaksne

3 I tillegg kjem timetalet til morsmålsundervisning og norskopplæring for framandspråklege.

4 Timane etter fag- og timebyteplan og sosialpedagogiske tenester/rådgjeving vert fordelte av rådmannen til skulane i samsvar med vedlagde utgreiing.

5 Rådmannen får fullmakt til å gjera nødvendige overføringar av lønsmidlar mellom

skulane som ein konsekvens av vedteke rammetimetal.

6 Rådmannen får fullmakt til å følgja opp rammetimetalet og gjera mindre endringar innanfor vedtekne budsjetttrammer for oppvekstsektoren dersom det oppstår nye/uføresette brukarbehov.